



Ørskog Sparebank

- *tid til deg*

Delårsrapport 3. kvartal 2021



Resultat

Aktivitetsnivå

Kapital og likviditet



- 3,774 mill bedre resultat enn i fjor
- Vekst i provisjonsinntekter
- Stabil rentenetto



- Oppheving av Coronatiltak
- Auke i aktivitet
- 12 mnd. vekst i utlån 9,25 %
- 12 mnd. vekst i innskot 2,64 %



- God likviditetssituasjon. LCR på 170
- Rein kjernekapital 19,02 %
- Misleghald og tap på låge nivå

Delårsrapport 3. Kvarartal 2021.

Ørskog Sparebank oppnådde eit resultat etter tap og skatt på 19,115 mill. kr. pr. 30.09.2021. Dette er 3,7 mill kr. betre enn pr. 30.09.2020. Banken sine totale utlån inkludert Eika Boligkreditt syner det siste året ein auke på 9,25 %. Rentenettoen er framleis låg grunna rentenivået i marknaden samt svekka innskotsmarginar gjennom året. Banken sine provisjonsinntekter aukar og kostnadsgraden er synkande. Den underliggende bankdrifta er solid med låge nivå av tap og misleghald. Banken sin balanse syner ei ukonsolidert kjernekapitaldekning på 19,02 %.

Resultatrekneskapan

Banken har frå 01.01.2021 teke i bruk eit nytt rekneskapspråk IFRS9 som gjev store endringar i høve rekneskapsføring og balansevurdering. Dette betyr at det er nye reglar for klassifisering og måling av finansielle eigendelar og nedskrivingar. Notekrava er endra, og det er innført nye definisjonar og utrekningmåtar. Banken har valt å ikkje omarbeide tidlegare års rekneskap, noko som gjer at fleire av rekneskapspostane ikkje er direkte samanliknbare med tidlegare rekneskap.

Kvartalsrekneskapan er forøvrig sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova av 17. juli 1998 og forskrift om årsrekneskap i bankar m.v.

Ørskog Sparebank har pr. 30.09.2021 eit resultat før tap og skatt på 24,560 mill. kr. Resultat før tap og skatt var pr. 30.09.2020 på 22,284 mill. kr. Dette er ein framgang på 2,276 mill. kr.

Resultat etter tap og skatt er pr. 30.09.2021 19,115 mill kr., samanlikna med kr. 15,341 mill. kr. året før. Dette er det beste resultatet pr. 3.kvartal i banken si historie, og tilseier ein eigenkapitalavkastning på 7,25 %.

Etter at utbytte frå Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS er fastsett i generalforsamlinga og utbetalt i juni er aksjekursane justert, og den nye verdsettinga gir eit kurstap over utvida resultat. Det utvida resultatet enda difor på 18,738 mill. kr.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter
Netto rente og kredittprovisjonsinntekter vart 37,911 mill. kr. noko som er 1,625 mill. kr. høgare enn inntektene pr. utgangen av 3. kvartal 2020. Dette utgjer 1,67 % av GFK, mot 1,69 % i fjor. Rentenettoen har svekka seg gjennom året grunna sterk priskonkurranse mellom bankane spesielt på bankinnskot.

Noregs Bank sette opp styringsrenta til 0,25 % i september månad, og banken har etter dette gjort ei marknadsmessig tilpassing av prisane på lån og innskot. Tilpassinga er venta å styrke banken sin rentenetto først i 2022 grunna varslingsplikta.

Med det låge rentenivå ein har hatt det siste halvanna året har det vore utfordrande å skape lønnsam vekst i bankinnskot, og banken har difor finansiert dei fleste utlån gjennom Eika Boligkreditt.

Provisjonsinntektene er 15,261 mill kr. mot 12,289 mill kr. pr. 30.09.2020. Banken har vekst i alle produktområder og styret er nøgd med at banken si strategiske satsing på breddesal og rådgjeving gir resultat. Inntekter frå Eika Boligkreditt aukar grunna utlansvekst og styrka utlansmarginar. Banken har fokus på å avlaste balansen og bruker difor Eika Kredittbank sine digitale kjøpsløyser når kundar søker om billån og usikra smålån. Portefølja med billån viser ein solid vekst, og det auka salet gir gode inntekter for banken.

Banken har i tillegg hatt ei historisk god salsutvikling innanfor skadeforsikring. Portefølja med premieinntekter nådde ein milepæl ved å auke over kr. 30 millionar i september. Banken har i kvartalet ført kr. 0,5 mill. kr. som inntekt frå kalkulert vekstbonus som blir utbetalt 31.12.2021 frå Eika.

Driftskostnader

Driftskostnadene syner ein auke på 0,985 mill kr. og utgjer kr. 29,489 mill. kr. mot 28,504 mill. kr. i fjor. Målt i høve til GFK er kostnadene 1,30 % mot 1,33 % i fjor. Kostnader i % av totale inntekter (korrigert for verdiutvikling på verdipapir) utgjer 56,9 % pr. 30.09.2021 mot 59,9 % pr. 30.09.2020. Banken har fleire tilsette enn på same tidspunkt i fjor.

Ørskog Sparebank vedtok i desember 2020 at ein skal skifte IT system saman med dei andre bankane i Eika Gruppen. Skiftet er planlagt

gjennomført i juni 2023, men banken kostnadsfører løpende førebunde aktivitetar og prosjektkostnader til TietoEvry.

Banken arbeider kontinuerleg for å ta ned kostnader gjennom å auke effektiviteten på arbeidsprosessar. Mellom anna syner andelen digitalt signerte lån, og kjøp av spareavtalar som kundane sjølv har teikna ein auke i kvartalet. Dette frigjer tid til at banken kan jobbe meir proaktivt med oppfølging og rådgjeving til kundane.

Styret følgjer tett opp kostnadsutviklinga.

Tapskostnad

Bokførte tap på utlån og garantiar per 3. kvartal 2021 utgjer 2,042 mill. kr. mot 2,809 mill. kr. same tidspunkt i fjor. Dette utgjer 0,08 % av brutto utlån.

Pr. 30.09 er usikkerheita knytt til dei økonomiske effektane av spreinga av Covid-19 viruset mindre enn ved førre kvartalsrapport. Det er gjennomført ei vurdering av tapsavsetninga knytt til Covid-19 utbrotet i 3. kvartal og det blei vedtatt å behalde denne avsetninga.

Utrullinga av vaksiner har gått hurtig i Noreg, og samfunnet har gradvis blitt gjenåpna. Banken vil gjere ei grundig vurdering av resterande tapsavsetning før årsskifte. Banken har låg eksponering i sektorar som reiseliv, restaurant og eventbransjen, som vart hardest råka av Covid-19 utbrotet.

Styret har vurdert samansetjinga av banken si utlånsportefølje grundig, og ein forventar at framtidige kreditttap – gitt dei føresetnadane som er lagde til grunn – vil bli moderate.

Balansen

Forvaltningskapitalen utgjer 3.087 mill. kr. mot 2.959 mill. kr. på same tidspunkt i fjor.

Utlån

Netto utlån til kundar på eigen balanse er ved utgangen av 3. kvartal på kr. 2.645 mill. kr., ein auke på 108,1 mill. kr. (+4,3 %) frå i fjor på same tidspunkt. Lån til personmarknaden utgjer 2.068 mill. kr. og lån til bedriftsmarknaden inkludert landbruket utgjer 577 mill. kr. Andel lån til bedriftskundar inkludert landbruk utgjer 21,9 % av banken sine utlån i eigen balanse.

Utlån finansiert i Eika Boligkreditt AS er ved utgangen av 3. kvartal på 776,6 mill. kr., ein auke

på 185,4 mill. kr. frå same tidspunkt i fjor. Totale utlån, inkl. Eika Boligkreditt AS, utgjer til saman 3.422 mill. kr. noko som er ein auke på 293,1 mill. kr. siste 12 månader. Dette tilsvarer ein vekst på 9,25 %.

Banken har hatt ein vedvarande god vekst, særleg frå personkundemarknaden. Veksten kjem i all hovudsak frå banken sin geografisk definerte hovudmarknad, og er dels ein effekt av etableringa av rådgjevingkontoret på Moa. Marknadsposisjonen er sterk og mange av dei nye kundane kjem på referansar frå eksisterande kundar som er nøgd med servicenivå og tenestetilbod.

Styret er nøgd med utlånsveksten, som er i tråd med forventningane for året.

Misleghald og tapsutsett portefølje

Dei misleghaldne engasjementa utgjorde 10,82 mill. kr. tilsvarande 0,41 % av brutto utlån. Engasjementa er i all hovudsaka sikra med pant i fast eigedom. Tilsvarande tal pr. 30.09.2020 var kr. 16,986 mill. tilsvarande 0,667 % av brutto utlån. Banken sin kredittpolicy, kompetente rådgjevarar og eit lågt rentenivå er viktige forklaringar til det låge volumet.

Tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement utgjer 18,486 mill. kr. ved kvartalskiftet, mot 4,8 mill. kr. pr. 30.09.2020. Endringa skuldast ny misleghaldsdefinisjon som banken tok til å nytte ved årsskiftet, sjå note 2. Det er no ei strengare tolking av kva som definerer eit tapsutsett engasjement i høve IFRS reglane. Etter styret si vurdering er kredittkvaliteten på banken sine kundar jamt over god, noko låge restansar på lån er eit uttrykk for.

Likviditet og innskot

Banken har ein likviditetsstrategi som gir grunnlaget for samansetnaden av innlån og forfallsstrukturen. Likviditetsstrategien med forfallsstruktur blir følgt tett, og likviditetssituasjonen til banken er god. Banken har midlar disponibelt på konti i bankar, unytta trekkrettigheter, ei likvid obligasjonsportefølje og lånemoglegheiter i Norges Bank. Saman med ei god spreining i forfallsstrukturen, vurderer styret likviditetsreserven for å være god.

Banken sine innskot har auka med 54,4 mill. kr. siste 12 mnd., og utgjer no kr. 2,114 mill. Dette er ein auke på 2,64 %. Innskotsdekninga er på 79,75 % pr. 30.09.2021 mot 80,9 % pr. 30.09.2020.

Det låge rentenivået, saman med at banken vil halde oppe eit rykte som ein bank med gode innskotsvilkår i marknaden gjer at innskotsmarginen har svekka seg målt mot tidlegare år.

Nye utlån til personkundemarknaden blir i all hovudsak finansiert ved å nytte bustadkredittselskapet Eika Boligkreditt AS. I tillegg vurderer banken utskrivning av nye obligasjonslån om marknaden blir vurdert som gunstig.

Verdipapir

Banken si portefølje av aksjar, eigenkapitalbevis og fondsandelar utgjer 331,542 mill. kr. pr. 30.09.2021. Banken si obligasjonsportefølje utgjer kr. 266,6 mill. Netto verdiending og vinst på verdipapir er på -0,186 mill. kr. pr. 30.09.2021. Dette er ein reduksjon på 1,132 mill. kr. samanlikna med i 30.09.2020. Verdsettinga av aksjane i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt gir eit kurstap på utvida resultat/andre inntekter og kostnader sidan banken nyttar verdsettingsprinsippet «verkeleg verdi over utvida resultat» på aksjane. Kurstapet nullar ut utbytteinntekta som blir inntektsført over ordinært resultat.

Skatt

I høve innsending av likninga for 2020 gjorde Ørskog Sparebank eit sirkelkonsernbidrag på kr 6.743.784 med Sjøholt Næringsbygg AS for å nyttiggjere seg av framførbart underskot. Ørskog Sparebank fekk skatteoppgjeret for i fjor no i september 2021, og har resultatført over 1,6 mill. kr. som redusert skattekostnad. I høve IFRS vart dette ikkje resultatført i 2020 da det skal gjerast når skatteoppgjeret faktisk er motteke.

Soliditet

Eigenkapitalen er på 354,7 mill. kr. pr. 30.09.2021 som utgjer 11,49 % av forvaltningskapitalen.

Pr. 30.09. har banken ei kapitaldekning på 21,49 % (22,27) %, og rein kjernekapitaldekning på 19,02 % (19,24) %.

Konsoliderte tall per 30.09.2021, som tek omsyn til eigarskap i Eika Boligkreditt AS og Eika Gruppen AS, syner ei kapitaldekning på 20,37 % (21,02 %), og ei rein kjernekapitaldekning som utgjer 17,7 % (17,88 %). Rekneskapen er ikkje revidert, og overskotet hittil i år er ikkje inkludert i kapitaldekningsberekningane.

Berekningsgrunnlaget har i same periode auka som følgje av at banken veks og har god aktivitet.

Risikovurdering

Kredittrisiko og likviditetsrisiko er dei mest vesentlege risikoområda for Ørskog Sparebank. Kredittrisikoen for tap på utlån, plasseringar og garantiar blir framleis vurdert som låg, samstundes som banken sine individuelle nedskrivningar på utlån blir vurdert som tilfredsstillande ut i frå risikoen og utviklinga i låneportefølja. Banken søker å ha ein moderat risikoprofil. Det er lagt opp til tett oppfølging og kontinuerleg overvaking av engasjementa.

Kredittrisikoen blir mellom anna overvaka ved at styret jamleg går gjennom rapportar om misleghald og overtrekk på konti og lån.

Utviklinga så langt og utsiktene for resten av året

I kjølvatnet av Covid-19 utbrotet ser ein no oppdemma etterspurnad blant befolkninga, og utfordringar med leveransar og auka prisar på tilbodssida. Lågare arbeidsløyse vitnar om at aktiviteten i næringslivet er aukande. Eit høgare rentenivå vitnar om at økonomien er i ferd med å hente seg inn at, men auka energikostnader og særleg høge straumprisar vil kunne påverke konsumet gjennom vinteren. At kundane investerer, forbruker, og bytter bustad og bilar er viktig for banken sitt aktivitetsnivå. Trass i varsel om enda høgare rentenivå er framleis rentene på eit lågt historisk nivå som gjer at vi trur på eit fortsett god marknad å drive vår verksemd i.

Totalt for året ventar styret at tapskostnadane vil bli noko mindre enn førre år, men at rentenettoen ikkje vil styrke seg særleg før over årsskiftet. Banken ventar normal aktivitet basert på etterspurnad etter lån frå nye kundar, og at den solide veksten i provisjonsinntekter vil halde fram.


Totalt sett ventar difor styret at resultatet for 2021 vil bli betre enn 2020. Med banken sin solide eigenkapital og ein strategi om å vere ein nær og tilgjengeleg lokalbank, venter styret at banken vil kunne oppretthalde den gode marknadsposisjonen framover.

Stadfesting frå ansvarlege personar.

Styret og banksjef har den 29.10.2021 handsama og godkjent delårsrekneskapen for 3. kvartal for Ørskog Sparebank per 30.09.2021. Etter styret og dagleg leiar sin beste overtving, er delårsrekneskapen for 3. kvartal 2021 utarbeidd i samsvar med gjeldande rekneskapstandardar. Opplysningane i rekneskapen gjev eit rett bilete av banken sine eigendelar, gjeld og finansielle stilling og resultat som heilskap per 30.09.2021.

Etter styret og dagleg leiar si beste overtving gjev delårsrekneskapen for 3. kvartal ein rettvisande oversikt over viktige hendingar i rekneskapsperioden. Etter styret og dagleg leiar si beste overtving gjev også delårsrapporten ei beskriving av dei mest sentrale risikofaktorane banken står ovanfor i neste rekneskapsperiode.

Ørskog, 29.10.2021


Torstein L. Stavseng
Styreleiar


Arne Jan Sollied
Nestleiar


Ingegjerd Eidsvik
Styremedlem


Siw Pek
Tilsette sin repr.


Ingunn Fladmark
Styremedlem


Hans Fr. Furstrand
Styremedlem


Eirik Kavli
Banksjef

Resultatregnskap

Resultat	Note	3. kvartal isolert		3. kvartal	3. kvartal	Året
		2021	2020	30.9.21	30.9.20	31.12.20
<i>Ordinært resultat - Tall i tusen kroner</i>						
Renteinntekter fra eiendeler vurdert til amortisert kost		17.208	16.508	51.502	58.417	76.794
Renteinntekter fra øvrige eiendeler		454	475	1.507	2.480	2.906
Rentekostnader og lignende kostnader		4.853	5.101	15.098	24.612	29.536
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		12.809	11.882	37.911	36.286	50.164
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester		5.747	4.235	15.261	12.289	18.472
Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester		692	707	1.845	1.427	2.194
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter		18	25	2.453	2.254	2.906
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter	Note 8	-86	284	-186	946	230
Andre driftsinntekter		153	148	454	440	591
Netto andre driftsinntekter		5.140	3.986	16.138	14.502	20.004
Lønn og andre personalkostnader		5.199	5.200	14.594	13.980	19.227
Andre driftskostnader		3.971	3.608	13.500	13.249	22.825
Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle eiendeler		459	427	1.395	1.275	1.704
Sum driftskostnader		9.629	9.235	29.489	28.504	43.756
Resultat før tap		8.320	6.632	24.560	22.284	26.413
Kreditttap på utlån, garantier og rentebærende verdipapirer	Note 7	491	-108	2.042	2.809	3.309
Resultat før skatt		7.829	6.740	22.517	19.474	23.104
Skattekostnad		310	1.629	3.402	4.134	4.677
Resultat av ordinær drift etter skatt		7.520	5.111	19.115	15.341	18.427
<i>Utvidet resultat - Tall i tusen kroner</i>						
Verdiendring egenkapitalinstrument til virkelig verdi over utvidet resultat	Note 8			-377	-1.736	1.990
Sum poster som ikke vil bli klassifisert over resultatet		1.804	16	-377	-1.736	1.990
Totalresultat		9.324	5.127	18.738	13.604	20.417

Balanseoppstilling

Balanse - Eiendeler					
<i>Tall i tusen kroner</i>		Note	30.9.21	30.9.20	31.12.20
Konter og kontantekvivalenter			5.057	5.399	4.310
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner og fordringer på sentralbanker			81.874	106.522	134.144
Utlån til og fordringer på kunder til amortisert kost	Note 6		2.645.513	2.537.403	2.538.079
Rentebærende verdipapirer	Note 8		266.600	215.376	221.328
Finansielle derivater			5	30	31
Aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter	Note 8		64.942	72.470	75.361
Varige driftsmidler			12.492	12.184	11.694
Andre eiendeler			11.112	7.108	9.860
Anleggsmidler og avhendingsgrupper holdt for salg			0	3.000	0
Sum eiendeler			3.087.596	2.959.492	2.994.807
Balanse - Gjeld og egenkapital					
<i>Tall i tusen kroner</i>			30.9.21	30.9.20	31.12.20
Innlån fra kredittinstitusjoner			250.807	204.872	254.732
Innskudd fra kunder			2.114.776	2.060.384	2.090.536
Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	Note 9		300.465	300.672	250.523
Finansielle derivater			283	324	318
Annen gjeld			16.681	9.259	12.975
Pensjonsforpliktelser			2.938	2.591	2.938
Forpliktelser ved skatt			4.739	4.346	6.496
Andre avsetninger			2.057	238	185
Ansvarlig lånekapital	Note 9		40.087	46.893	40.079
Sum gjeld			2.732.833	2.629.580	2.658.782
Opptjent egenkapital			335.648	314.571	336.025
Periodens resultat etter skatt			19.115	15.341	0
Sum egenkapital			354.763	329.912	336.025
Sum gjeld og egenkapital			3.087.596	2.959.492	2.994.807

EIGENKAPITALOPPSTILLING

<i>Tall i tusen kroner</i>	<u>Opptjent egenkapital</u>		
	Sparebankens fond	Fond for urealiserte gevinster	Sum egenkapital
Egenkapital 31.12.2020	326.542	9.483	336.025
Resultat etter skatt	19.115		19.115
Verdiendring tilgjengelig for salg		-377	-377
Totalresultat 30.09.2021	19.115	-377	18.738
Egenkapital 30.09.2021	345.657	9.106	354.763
Egenkapital 31.12.2019	310.820	0	310.820
Overgang til IFRS	-2.005	7.493	5.488
Egenkapital 01.01.2020	308.815	7.493	316.308
Resultat etter skatt	15.341		15.341
Totalresultat 30.09.2020	15.341	0	15.341
Andre egenkapitaltransaksjoner		-1.736	-1.736
Egenkapital 30.09.2020	324.156	5.757	329.912

NØKKELTAL

	3. kvartal	3. kvartal	Året
<i>Nøkkel tall er annualisert der annet ikke er spesifisert</i>	2021	2020	2020
Resultat			
Kostnader i % av totale inntekter (eskl. VP)	56,95 %	59,90 %	65,28 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (eskl. VP)	26,79 %	23,75 %	25,16 %
Innskuddsmargin hittil i år	-0,07 %	-0,11 %	-0,06 %
Utlånsmargin hittil i år	2,29 %	2,30 %	2,32 %
Netto rentemargin hittil i år	1,67 %	1,69 %	1,72 %
Egenkapitalavkastning ¹	7,25 %	5,66 %	6,30 %
¹ Basert på totalresultat, egenkapitalen er justert for hybridkapital			
Balanse			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	21,92 %	22,62 %	22,65 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	27,28 %	23,08 %	24,82 %
Innskuddsdekning	79,75 %	80,90 %	82,20 %
Innskuddsvekst (12mnd)	2,64 %	3,46 %	6,34 %
Utlånsvekst (12 mnd)	4,11 %	6,52 %	3,61 %
Utlånsvekst inkl. EBK (12 mnd)	9,25 %	9,14 %	8,50 %
Gjennomsnittlig forvaltningskapital (GFK)	3.028.965	2.853.347	2.900.603
Gjennomsnittlig forvaltningskapital (GFK) inkl. EBK	3.739.298	3.389.742	3.459.761
Nedskrivninger på utlån og mislighold			
Resultatførte tap i % av gjennomsnittlig brutto utlån	0,11 %	0,15 %	0,54 %
Tapsavsetninger i % av brutto utlån	0,23 %	0,37 %	0,21 %
<i>Nøkkel tall er annualisert der annet ikke er spesifisert</i>	2021	2020	2020
Soliditet¹			
Ren kjernekapitaldekning	17,70 %	17,88 %	18,21 %
Kjernekapitaldekning	17,94 %	18,09 %	18,41 %
Kapitaldekning	20,37 %	21,02 %	20,85 %
Uvektet kjernekapitalandel	8,39 %	8,54 %	9,04 %
¹ Inklusiv konsolidering av samarbeidsgrupper			
Likviditet			
LCR	170	123	174
NSFR	140	139	138

NOTE 1 – Generell informasjon

Ørskog Sparebank vart skipa i 1857. Banken tilbyr innskot, utlån og betalingsformidling samt tilhøyrande banktenester for personmarknaden Noreg og for bedriftsmarknaden på indre Sunnmøre og kring Ålesund.

Bankens hovudkontor har besøksadresse 6240 Ørskog .

Banken har notert obligasjonsgjeld på Nordic ABM på Oslo børs. Banken har ikkje utsendt fondsobligasjonar eller eigenkapitalbevis.

Denne regnskapsrapporten gjelder frå 01.januar til 30.sept 2021. Rekneskapen er presentert i norske kroner, og alle tal er vist i heile tusen, om ikkje anna er oppgitt.

Rekneskapen for 3. kvartal 2021 ble godkjend av styret 29.10 2021.

NOTE 2 – Rekneskapsprinsipp

Delårsrapport pr. 30. sept. 2021 er utarbeidt i samsvar med IAS 34 delårsrapportering og årsrekneskapsforskrifta. Delårsrapporten skal lesast med relasjon til siste årsrapport pr 31.12.2020.

Delårsregnskapet er ikkje revidert og overskotet hittil i år er ikkje inkludert i soliditets berekninga.

Dei same rekneskapsprinsipp og berekningar er følgt i delårsregnskapet som i siste årsregnskap, med unntak av IFRS 16 samt ny misleghaldsdefinisjon i IFRS 9 som begge er tatt i bruk frå og med 2021. Desse er nærmare forklart under

Ein viser til årsrapporten for 2020 for ytterlegare beskriving av IFRS 9 og øvrige rekneskapsprinsipp.

Ny misleghaldsdefinisjon

Frå og med 1.1.2021 ble ny definisjon av misleghald innført, det følger av disse reglene at en kunde vil bli klassifisert som misligheldt dersom minst et av følgande kriteria er oppfylt:

- Kunden har et overtrekk som både overstig ein relativ- og absolutt grense i meir enn 90 samanhengande dagar. For både PM- og BM-kundar er den relative grensa lik 1% av kundens samla eksponeringar.
 - For PM-kundar er den absolutte grensa lik 1.000 kroner
 - For BM-kundar er den absolutte grensa lik 2.000 kroner
- Det er vurdert som sannsynleg at kunden ikkje vil kunne innfri sine plikter overfor banken (unlikely to pay – UTP).
- Kunden er smitta av en annan kunde som er i mislighald i høve til de to første kriteria nemnt over.

IFRS 16

Standarden gjelder alle leigeavtalar og trådte i kraft 1. januar 2019. I forbindelse med overgangen til IFRS frå 1. januar 2020 kunne dei unoterte bankane unnlåte å anvende IFRS 16 for regnskapsåret 2020 i høve til forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak. Difor implementerte banken IFRS 16 fra 1. januar 2021. Ved implementeringa av IFRS 16 blir leigeforpliktelsen rekna til noverdien av framtidige leigebetalingar og bruksretteigedelen sett lik leigeforpliktelsen.

For leigeavtalar som blir sett i verk etter implementeringa 1. januar 2021 vil bruksretteigedelen målt til anskaffingskost. I etterfølgjande periodar vil leigeforpliktelsen blir auka for å gjenspeile renta mens utførte leigebetalingar reduserer balanseført verdi av leigeforpliktelsen. Rentene blir innrekna i resultatregnskapet som rentekostnader. Bruksretteigedelen blir avskreven over leigeperioden. Det er leige av banken sitt kontor på Moa som vart balanseført ved innføring av IFRS 16 1. januar 2021.

Banken har vurdert å nytte følgjande prinsippval i standarden:

- Unntak for leigeavtalar med låg verdi og unntak for leigeavtalar med kort tidshorisont (Kortsiktige leigeavtalar under 12 månader). Leigebetalingane blir då innrekna som ein kostnad lineært over leigeperioden.
- Unntak for endring av samanliknbare tall ved overgang til IFRS 16.

Bruksretteigendelen er presentert saman med øvrige driftsmiddel/anleggsmiddel i balanseoppstillinga. Leigeforpliktelsen er presentert på linje for annan gjeld. Implementering av IFRS 16 har ikkje hatt innvirkning på banken sin egenkapital per 1. januar 2021. Bruksretten er tildelt en risikovekt på 100 prosent, og verkinga på rein kjernekapital var uvesentleg ved implementering.

NOTE 3 – Datterselskap / Tilknytt selskap

Sjøholt Næringsbygg er et 100 % eid datterselskap og er et reint eideomsføretak. Det vart i 2020 gjennomført kapitalutviding, emisjon og konvertering av gjeld til aksjar i selskapet. Transaksjonane er gjort for å ta vare på verdien som ligg i ein langsiktig leigeavtale med Ålesund kommune. Banken har i 2021 selt 30 000 aksjar og eig no 73,91% av aksjane i selskapet. Banken har ikkje intensjon om å vere langsiktig eigar i eigendommen.

NOTE 4 – Transaksjonar med nærstående partar

Innskot og utlån, samt transaksjonar mellom nærstående har same vilkår som overfor ekstern tredjepart.

	<u>30.09.2021</u>
Renteinntekter	1.660
<i>Balanseposter</i>	
Eiendeler:	
Utlån	42.054
Ubenyttet kreditt	0
Garantier	0
Gjeld:	
Innskudd fra kunder	2.712
Kortsiktig gjeld	0


NOTE 5 – Kredittforringa engasjement

Mislighold over 90 dager	3. kvartal	3. kvartal	Året
	2021	2020	2020
Brutto misligholdte engasjement - personmarkedet	6.659	8.105	7.891
Brutto misligholdte engasjement - bedriftsmarkedet	4.162	8.881	4.449
Nedskrivninger i steg 3	-1.334	-4.851	-849
Netto misligholdte engasjementer	9.486	12.135	11.491
Andre kredittforringede	3. kvartal	3. kvartal	Året
	2021	2020	2020
Brutto andre kredittforringede engasjement - personmarkedet	11.065	3.999	11.430
Brutto andre kredittforringede engasjement - bedriftsmarkedet	7.422	814	7.760
Nedskrivninger i steg 3	-1.748	-300	-350
Netto andre kredittforringede engasjement	16.738	4.512	18.840

NOTE 6 – Fordeling utlån kunder

Utlån til kunder fordelt på sektorer og næringer

	3. kvartal 2021	3. kvartal 2020	Året 2020
Landbruk	31.267	25.999	27.974
Industri	21.725	22.695	22.190
Bygg, anlegg	71.766	79.254	75.698
Varehandel	73.456	79.485	79.532
Transport	9.520	10.776	9.857
Eiendomsdrift etc	326.916	302.465	307.271
Annen næring	46.501	55.341	52.959
Sum næring	581.153	576.016	575.481
Personkunder	2.070.465	1.970.884	1.967.826
Brutto utlån	2.651.618	2.546.900	2.543.307
Steg 1 nedskrivninger	-1.452	-2.377	-2.677
Steg 2 nedskrivninger	-1.576	-1.969	-1.352
Steg 3 nedskrivninger	-3.076	-5.151	-1.199
Netto utlån til kunder	2.645.513	2.537.403	2.538.079
Utlån formidlet via Eika Boligkreditt (EBK)	776.683	591.272	649.377
Totale utlån inkl. porteføljen i EBK	3.422.197	3.128.675	3.187.456



NOTE 7 – Nedskrivninger

Etter IFRS 9 er banken sine utlån til kunder, unyttede kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på sannsynlegheita for misleghald (PD) på innrekningstidpunktet samanlikna med sannsynlegheit fort misleghald på balansedagen. Fordeling mellom steg blir gjort for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringar i nedskrivningar og brutto balanseførte utlån, garantiar og unyttede kredittar for kvart steg, og inkluderer følgjande element:

Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittrisiko, fra 12 månaders venta kredittap i steg 1 til kredittap over venta levetid i steg 2 og steg 3.

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittrisiko, fra 12 månaders forventede kredittap i steg 1 til kredittap over forventede levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved utsending av nye utlån, unyttede kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivningar ved frårekning av utlån, unyttede kredittar og garantiar.
- Auke eller minkinga i nedskrivningar som skuldast endringar i inputvariablar, andre føresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.

30.09.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2021	312	326	650	1.288
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	6	-31	0	-25
Overføringer til steg 2	-13	425	0	412
Overføringer til steg 3	-10	-3	527	514
Endringer som følge av nye eller økte utlån	15	0	313	328
Utlån som er fraregnet i perioden	-34	-27	-295	-357
Konstaterte tap			-5	-5
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-158	-6	0	-163
Andre justeringer	69	-73	0	-4
Nedskrivninger personmarkedet pr. 30.09.2021	187	612	1.190	1.989

30.09.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2021	1.906.945	41.559	19.321	1.967.826
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	6.726	-6.723	-3	0
Overføringer til steg 2	-56.131	56.292	-162	0
Overføringer til steg 3	-8.995	-105	9.100	0
Nye utlån utbetalt	440.241	5.433	0	445.675
Utlån som er fraregnet i perioden	-328.390	-3.943	-10.628	-342.961
Konstaterte tap			-74	-74
Brutto utlån til personmarkedet pr. 30.09.2021	1.960.396	92.514	17.555	2.070.465

30.09.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2021	2.365	1.026	549	3.940
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	115	-459	0	-344
Overføringer til steg 2	-40	579	0	540
Overføringer til steg 3	0	-156	1.195	1.038
Endringer som følge av nye eller økte utlån	51	1	692	744
Utlån som er fraregnet i perioden	-104	-65	0	-169
Konstaterte tap			-549	-549
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-67	1	0	-65
Andre justeringer	-1.055	37	0	-1.018
Nedskrivninger bedriftsmarkedet pr. 30.09.2021	1.265	965	1.886	4.117

30.09.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2021	477.876	86.006	11.598	575.480
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	49.741	-47.021	-2.720	0
Overføringer til steg 2	-15.823	17.057	-1.234	0
Overføringer til steg 3	-206	-6.390	6.596	0
Nye utlån utbetalt	52.603	6.971	7	59.581
Utlån som er fraregnet i perioden	-45.285	-5.197	-2.231	-52.712
Konstaterte tap			-1.196	-1.196
Brutto utlån til bedriftsmarkedet pr. 30.09.2021	518.907	51.427	10.819	581.153

30.09.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2021	57	122	0	179
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	14	-34	0	-21
Overføringer til steg 2	-10	49	0	39
Overføringer til steg 3	0	-2	4	2
Endringer som følge av nye eller økte ubenyttede kreditter og garantier	21	21	2	45
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier som er fraregnet i periode	-32	-7	0	-39
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-8	5	0	-3
Andre justeringer	33	8	0	40
Nedskrivninger pr. 30.09.2021	75	161	6	242

30.09.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Ubenyttede kreditter og garantier	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2021	138.338	37.222	611	176.171
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	3.871	-3.721	-150	0
Overføringer til steg 2	-2.399	2.456	-345	-288
Overføringer til steg 3	0	-345	345	0
Nye/endrede ubenyttede kreditter og garantier	54.314	1.750	0	56.064
Engasjement som er fraregnet i perioden	-33.829	-5.738	303	-39.264
Brutto balanseførte engasjement pr. 30.09.2021	160.294	31.624	765	192.683

Individuelle nedskrivninger på utlån og garantier	30.09.2021	30.09.2020
Individuelle nedskrivninger ved begynnelsen av perioden	1.198	6.869
Økte individuelle nedskrivninger i perioden	44	600
Nye individuelle nedskrivninger i perioden	2.682	300
Tilbakeføring av individuelle nedskrivninger fra tidligere perioder	-300	-2.618
Konstaterte tap på lån som tidligere er nedskrevet	-548	0
Individuelle nedskrivninger ved slutten av perioden	3.076	5.151

Resultatførte tap på utlån, kreditter og garantier	30.09.2021	30.09.2020	31.12.2020
Endring i perioden i steg 3 på utlån	1.877	-9.907	-14.951
Endring i perioden i steg 3 på garantier	-6	7	35
Endring i perioden i forventet tap steg 1 og 2	-1.012	1.770	1.484
Konstaterte tap i perioden der det tidligere er foretatt nedskrivninger i steg 3	73	12.232	17.616
Konstaterte tap i perioden der det ikke er foretatt nedskrivninger i steg 3	1.202	522	0
Periodens inngang på tidligere perioders nedskrivninger	-60		0
Periodens renter på lån med tapsavsetning	-32	-1.815	-875
Tapskostnader i perioden	2.042	2.809	3.309

NOTE 8 –Verdipapir

Verkeleg verdimåling og -opplysningar klassifisert etter nivå

Verdsettingsnivå tyder verdsettingssmetoden som er nytta for å fastsette verkeleg verdi.

I Nivå 1 er verdien fastsett ut fra kvoterte priser i aktive marknader.

I nivå 2 er verdien utleda frå kvoterte prisar, eller marknadsvardiar.

Nivå 3 er vardiar som ikkje er basert på observerbare marknadsdata. Verdsettinga av Eika Boligkreditt AS er basert på vurdering av eigenkapitalen i selskapet. Verdsettinga av Eika Gruppen AS tar utgangspunkt i ei verddivurdering av dei einskilde selskapa i gruppa, og ein samla verdi for konsernet totalt, basert på relevante verdsettingssmetoder. Denne verddivurdering blir halden opp imot sist kjente emisjons- og/eller omsetningskurs, sett i høve av banken sine egne vurderingar av hendingar frem til balansedagen.

30.09.2021				Sum
Verdsettingshierarki for verdipapirer, til virkelig verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjoner til virkelig verdi over resultatet		266.600		266.600
Aksjer og andeler til virkelig verdi over resultatet		53	10.255	10.308
Aksjer til virkelig verdi over andre inntekter og kostnader			54.634	54.634
Sum	-	266.653	64.889	331.542

	Virkelig verdi over andre kostnader og inntekter	Virkelig verdi over resultatet
Avstemming av nivå 3		
Inngående balanse 01.01	46.952	28.357
Realisert gevinst/tap		
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet		(92)
Urealisert gevinst/tap ført mot utvidet resultat	(377)	
Investering	8.059	185
Salg		(18.194)
Utgående balanse	54.634	10.255

30.09.2020				Sum
Verdsettingshierarki for verdipapirer, til virkelig verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjoner til virkelig verdi over resultatet		215.376		215.376
Aksjer og andeler til virkelig verdi over resultatet		15.182	14.063	29.244
Aksjer til virkelig verdi over andre inntekter og kostnader			43.225	43.225
Sum	-	230.558	57.288	287.846

	Virkelig verdi over andre kostnader og inntekter	Virkelig verdi over
Avstemming av nivå 3		
Inngående balanse 01.01	43.120	1.723
Realisert gevinst/tap		
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet		839
Urealisert gevinst/tap ført mot utvidet resultat	(1.736)	
Investering	1.895	11.500
Salg	(54)	
Utgående balanse	43.225	14.063

NOTE 9 –Verdipapirgjeld

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydende	Bokført verdi			Rente- vilkår
				30.09.2021	30.09.2020	31.12.2020	
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0010777899	03.11.2016	03.11.2020	50.000		50.123		3m Nibor + 115 bp
NO0010791403	26.04.2017	26.04.2021	50.000		50.130	50.120	3m Nibor + 95 bp
NO0010797517	15.06.2017	15.06.2022	50.000	50.035	50.031	50.033	3m Nibor + 104 bp
NO0010808637	18.10.2017	18.10.2021	50.000	50.132	50.144	50.141	3m Nibor + 98 bp
NO0010850373	23.04.2019	23.04.2024	50.000	50.112	50.158	50.143	3m Nibor + 87 bp
NO0010867419	01.11.2019	01.11.2023	50.000	50.089	50.086	50.087	3m Nibor + 70 bp
NO0010932528	18.02.2021	08.05.2026	50.000	50.065			3m Nibor + 70 bp
NO0011025751	11.06.2021	11.06.2025	50.000	50.031			3m Nibor + 56 bp
Sum gjeld ved utstedelse av verdipapirer				300.465	300.672	250.523	

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydende	Bokført verdi			Rente- vilkår
				30.09.2021	30.09.2020	31.12.2020	
Ansvarlig lånekapital							
NO0010891666	24.08.2020	28.08.2030	40.000	40.087	46.893	40.079	3m Nibor + 185 bp
Sum ansvarlig lånekapital				40.087	46.893	40.079	

Endringer i verdipapirgjeld i perioden	Balanse		Forfalt/ innløst			Balanse	
	30.06.2021	Emitert		Øvrige endringer		30.09.2021	
Obligasjongjeld	300.454	0	0	11		300.465	
Sum gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	300.454	0	0	11		300.465	
Ansvarlige lån	40.079	0	0	8		40.087	
Sum ansvarlig lån og fondsobligasjoner	40.079	0	0	8		40.087	

NOTE 10 –Kapitaldekning

	3. kvartal	3. kvartal	Året
	30.09.2021	30.09.2020	31.12.2020
Sparebankens fond	326.542	308.804	326.542
Fond for urealiserte gevinster	9.483	7.503	9.483
Sum egenkapital	336.025	316.308	336.025
Fradrag for forsvarlig verdsetting	-332	0	-297
Fradrag i ren kjernekapital	-28.644	-18.798	-23.886
Ren kjernekapital	307.049	297.510	311.842
Sum kjernekapital	307.049	297.510	311.842
Ansvarlig lånekapital	40.000	46.800	40.000
Sum tilleggskapital	40.000	46.800	40.000
Netto ansvarlig kapital	347.049	344.310	351.842
	30.09.2021	30.09.2020	31.12.2020
Eksponeeringskategori (vektet verdi)			
Lokal regional myndighet	7.819	2.833	4.220
Institusjoner	2.903	6.508	6.487
Foretak	93.325	112.500	79.366
Pantsikkerhet eiendom	1.181.781	1.137.857	1.156.396
Forfalte engasjementer	30.820	13.263	13.408
Høyrisiko engasjementer	21.106	311	64.064
Obligasjoner med fortrinnsrett	18.228	16.805	16.707
Fordring på institusjoner og foretak med kortsiktig rating	322	6.490	11.722
Andeler verdipapirfond	0	4.085	4.395
Egenkapitalposisjoner	42.089	43.149	42.139
Øvrige engasjementer	94.503	89.720	89.415
CVA-tillegg	1	157	45
Sum beregningsgrunnlag for kredittrisiko	1.492.897	1.433.678	1.488.365
Beregningsgrunnlag fra operasjonell risiko	121.695	112.499	121.695
Beregningsgrunnlag	1.614.593	1.546.177	1.610.060
Kapitaldekning i %	21,49 %	22,27 %	21,85 %
Kjernekapitaldekning	19,02 %	19,24 %	19,37 %
Ren kjernekapitaldekning i %	19,02 %	19,24 %	19,37 %

Konsolidering av samarbeidende grupper:

Frå 01.01.2018 skal alle banker rapportere kapitaldekning konsolidert med eigardelane i samarbeidsgrupper. Banken har ein eigardel på 0,32 % i Eika Gruppen AS og på 0,73 % i Eika Boligkreditt AS.

	30.09.2021	30.09.2020	31.12.2020
Ren kjernekapital	333.144	314.182	333.224
Kjernekapital	337.654	317.812	336.856
Ansvarlig kapital	383.336	369.189	381.432
Beregningsgrunnlag	1.882.027	1.756.767	1.829.428
Kapitaldekning i %	20,37 %	21,02 %	20,85 %
Kjernekapitaldekning	17,94 %	18,09 %	18,41 %
Ren kjernekapitaldekning i %	17,70 %	17,88 %	18,21 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	8,39 %	8,40 %	9,04 %

NOTE 11 –Hendingar etter balansedagen

Det har ikkje vore hendingar etter utløpet av perioda som har ført til justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapen eller i noter til rekneskapen.